



## INFOSKRIV- September 2017

### Søknad produksjonstilskot del 2:

Våren 2017 vart det innført nytt søknadssystem for produksjonstilskot og tilskot til avløyning ved ferie og fritid. Det er to søknadsfristar og ei utbetaling per år i det nye systemet. Andre søknadsfrist er no 15. oktober, og da er det både husdyrprodusentar, føretak med planteproduksjon og føretak med bikubar som kan levere søknad. Ein kan søke frå og med 1. oktober, som er telledatoen og det vert anbefalt at ein er tideleg ute med å søke.

NB! Det er viktig at alle søker på avløysartilskottet sjølv om dei ikkje har hatt avløyning endå. Då føre ein opp 0 i beløp i søknaden. Dersom ein ikkje søke no kan ein heller ikkje korrigerer beløpet seinare.

### Kurs i robot:

Vi har leigd inn ein serviceteknikar frå Delaval til å halde robotkurs for avløysarane/bøndene i Buskerud 30 oktober frå 15:00. Pris for kurset vil vere 300 kr pr stk. Påmelding blir gjort direkte til kontoret. Meir informasjon vil kome ut til dei som melder seg på.

Vi kjem og til å gjennomføre dette i Hordaland, men har ikkje endå fått fastsett dato. Vi set pris på tilbakemelding frå dei som ønsker ei lik opplæring på andre typar robotmerker.

### Vakttelefonen vår er 990 86 137

Dersom du skulle ha bruk for hjelp utanom kontortid, så ring dette nummeret så skal vi hjelpa deg så godt vi kan!

<http://www.ltfolgefonna.no/>

facebook: Landbrukstenester Folgefonna

Instagram: landbrukstenesterfolgefonna

### Utlønning: frist 1 i kvar måned

Minner om at elektroniske timelister må vere innlevert i Webtemp siste dag i månaden. Dette er for at det den 1. og den 3. kvar måned blir sendt ut automatisk påminning om godkjenning av innleverte timelister. NB: Nytt frå oktober: Manuelle timelister må vere oss i hende seinast 1.kvar måned dersom vi skal klare å få dei med på ordinær utlønning som er 10.kvar måned. Fint om timelistene også her blir sendt så snart månaden er omme. Vi tar imot timelister både elektronisk, manuelt, på telefon og epost. For dei som arbeider heilt til månaden er omme og ikkje får sendt listene i posten tidlegare så vil der vere mogleg med eit forskot etter ordinær utlønning.



### Innspel frå våre medlemmer:

Dersom De har innspel til nye tenester som de vil ha hjelp til er vi taknemlige for tilbakemelding på dette.